



Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy



Nr. 2 -
vår/påske
2003



Ved.
Olav Meltvik



Jesus Kristus er sigerherren

Etter kvart som eg vert eldre gleder eg meg meir og meir til våren. Og så langt ser det ut til at det vert tidleg vår. 5-6 + grader om natta og lune dagar vekkjer spirande liv på ny. Far min lika å syngja og song mykje. Og kvar vår dei siste åra song han m.a. Vinje sin song :"Enno ein gong fekk eg vetren å sjå for våren å røma". Og her skildrar Vinje den store opplevinga ein vår eigentleg er. Me hev grunn til å gleda oss når me kan rydja kring buskar, blomar og tre i hagen. Når me høyrer fuglesongen kviknar til att, og ser at flyttfuglane hev funne vegen denne våren og. Me kjenner lukta av groren. Denne våren hev eg og merka, meir enn på lenge, at det luktar tørkande ved. Dei høge straum prisane hev fenge fleire ut i skogen etter ved, og der trengst noko hogst, lauvskogen veks fort.

Men dette er ikkje eit blad for berre vårprat. Me nærmar oss påskehelg på ny. Og i påskedagen sin sigersbodskap ligg løyndomen til kristen – domen si kraft. Det var ein hard strid Jesus gjennomførte frå han låg på kne i Getsemanehagen til han ropa ut på krossen : " Det er fullført". Jesus Kristus er sigerherren som gav seg frivillig i døden, men tredje dagen stod opp frå grava og lever. Dette er den jublante fanfaren som lyder påskedag, og som hev lydt alle tider der Kristi evangelium hev vore forkynt. Jesus vann ein fullkommen siger, og sona også våre synder. Denne store gåva kan me ikkje la vera å taka i mot.

Paulus skriv i brevet til Timoteus 1. 15 "Truverdig er det ordet, og vel verdt å taka i mot, at Jesus kom til verda for å frelsa syndarar, og mellom dei er eg den største". Så om påskehøgtida kan gje oss smerte burde den og fylla oss med takksem og glede.

I boka "Veien mot Påske" av Joyce Huggett finn me og to vers av Cesil Frances Aleksander, omsett av Arve Brunvoll :

*Kor mykje Jesus elskar oss,
kan ingen heilt forstå.
Men eg vil alltid ha han kjær
han vil eg lita på.*

*Ja sone alle våre brot,
det kunne berre han.
Og einast han kan låse opp
ein port til livsens land.*

Sundagsskulestemne 25. mai

Raknestunet er staden 25.mai for alle sundagsskulane på Osterøy. Denne dagen er det felles avslutning for alle. Me samlast til **familiegudsteneste kl.11.00**, sidan er det matpause og leikar før dagen vert avslutta i fellesskap.

Vel møtt !

Lidenskap og liding

For nokre år sidan, i 1936, vart ei gammal bok funnen på ein kyrkjegard ved Nilen i Egypt. Denne boka Om påska var skriven av biskop Meliton, som levde på slutten av 100-talet.

Her er det ein interessant glipp om kva ordet påske (pascha) kjem av. Meliton meiner det kjem frå det greske ordet "pathein", å lida. Påska har med liding å gjera, Jesu liding.

Det engelske ordet "passion" kan gje noko av den doble meinингa av "pathein": liding og lidenskap.

Det var Jesu lidenskap som dreiv Jesus på vegen mot Jerusalem. Lidenskapen for andre menneske.

Vi kan sjå at eitt menneske sin lidenskap kan gjera vondt for andre – ein lidenskap som ikkje tek omsyn: eg skal få gjort det eg vil uansett. Det er vel noko av det som ligg bak Irak-krigen og andre store og små konfliktar opp gjennom tidene. Eg skal ta vare på mi makt uansett kva lidingar det medfører for andre. Eg skal ikkje la meg rikka i min beslutning.

"Ingen tek livet mitt, eg gjev det frivillig" var Jesu ord om seg sjølv som den gode hyrden/leiaren (Joh. 10, 18).

Meliton skriv om Langfredag:

Han som hengte jorden opp, er selv blitt hengt;

Han som gjorde himmelen fast, er selv fastgjort;

Han som gjorde universet fast, er selv festet til treet.

Herren er blitt ydmyket, Gud er blitt drept.

Om ikkje Jesus vart avvæpna Langfredag, så såg det i alle fall ut som om han var avsett, hadde tapt æra og innsatsen hans hadde vore til liten nytte. Lidingas realitet vart noko Jesus også kom til å møta.

Vanvørd var han, folk heldt seg unna,
ein mann i pinsler, velkjend med sjukdom.

Vi trudde han var heimsøkt, slegen av Gud og ille plaga. Men: Han vart såra for våre brot og sundbroten for våre synder. Straffa låg på han, så vi skulle ha fred og ved hans sår har vi fått lækjedom. (Jesaja 53)

Det var ei liding, men ei liding som skulle føra til lækjedom og eit nytt liv: evig liv.

Også for oss er det samanheng mellom liding og lidenskap.

Når vi let Jesu liding få gå inn over oss, vert også hans lidenskap og hans medkjensle for andre menneske noko av vårt eige.

Og vi kan samstundes få halda fast på håpet om at lidinga skal ein dag ta slutt – ikkje midlertidig, men for all framtid.

Påsketankar av Brigit Sigve Skeie

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

Sekretær	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjelag fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Kjartan Tysse

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskesteth

Gjerstad: Arne Mæstad

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

Soknepresten har ordet

Økonomi

I vinter vart det mykje bråk då Bergen kyrkjeleg fellesråd ville ta betaling for bruk av kyrkjene til vigslar og gravferd. Eg kan ikkje tenkja meg at me har betre økonomi enn Bergen, men me har ikkje vurdert å ta betaling for dei som høyrer til prestegjeldet. Me har hørt om stengde kyrkjer rundt om i landet, og me har vurdert å stengja kyrkjer, men funne ut at det er lite å spara på ei stengd kyrkje. Å stengja alle kyrkjene er heller ikkje råd. Me kunne ha halde berre ei kyrkje open, men ser ikkje at det er råd å halda alle gravferder m.a. i ei kyrkje. Det einaste som gjev utslag på budsjettet, er å seia opp folk. Men me har ikkje mange å seia opp før all verksemd stoppar opp.

Dårleg økonomi er ikkje noko nytt av året. I dei fem åra eg har vore her, har økonomien sett tronge grenser for aktiviteten i kyrkjene. Kommunen gav løyve til å ta opp lån for å finansiera vedlikehald på kyrkjene. Alle ser at kyrkjene treng måling. Noko er gjort og meir skal gjerast. Rentene for dette lånet skal dekkjast av det tilskotet Kyrkjeleg fellesråd får av Osterøy kommune. For 2003 er rentene utrekna til kr. 142 000,- Når straum, løn og forsikring aukar, er det ikkje mykje att til andre ting. Tilskotet frå kommunen er rett nok auka med kr.26.456,-, men når pengane skal dekkja renter etc, vert det

”smalhans” her òg.

Gratis påske


Enno kan me halda kyrkjene opne. Og påskehelga er den største helga i kyrkja. Påskedag og Jesu oppstode er det alt står og fell med i den kristne kyrkja. Frå Palmesundag til påskedag er det Jesus gjorde i sentrum for den kristne påskefeiringa.

Kyrkjene er opne for gudstenester og i år ser det ikkje ut til at skiturar er den store konkurrenten heller.

”Alt er så dyrt”, høyrer me mange gonger. Påske fortel om noko som er gratis. Det Jesus gjorde, er gratis for deg. Det kosta han livet, men er gratis for deg. Påsken er gratis ! Her er endeleg noko som ikkje kostar noko. Og det som er gratis, har ikkje same verdi alltid. Ordet gratis kjem av ordet nåde. Og påsken er full av nåde – for den som vil ta imot.

Kom ! lyder den sterke oppmodinga for påsken. Her er noko å få – gratis. For den som vil, kan få liv og sæle gratis. Her er ingen eigendel å betale heller, ikkje noko lurt knep for å få deg til å ta imot noko du lyt betala for seinare. Nåden er gratis, elles er han ikkje nåde. Og all kristendom kviler på nåden, det Jesus gjorde er godt nok. Så kan me høgtida påske i glede for at det Jesus gjorde, var gratis, og det er gratis i dag òg.

J.M.



Til lukke med konfirmanten !

Mange gonger skal me høyra desse orda i vår, og me gleder oss til festdagane i april/mai då konfirmantane er i fokus . Gud signe festdagane



På kyrkjebakken

Rydding på kyrkjegardane

Måndag 28. april starter vi ryddeaksjonen på kyrkjegardane. Pårørande som ynskjer sjølve å take vare på kransar og anna vinterpynt må altså fjerne dette før denne datoën. I høve den økonomiske situasjonen for Kyrkjeleg fellesråd, og kor kostnadene på bosstransporten er knyta opp til mengde boss-spann, håpar vi at organisk avfall vert sortert til kompost, men at plast, papir, isopor og liknande vert kasta i spanna.

Kvart år vert det mykje ekstra arbeid fordi folk ikkje tek seg tid til å sortere avfallet.

Vi vonar at vi i saman kan gjere vårt beste for at kyrkjegardane kan vere ryddige og velstelte.

Slått på kyrkjegardane

Osterøy Kyrkjeleg fellesråd har i møte vedteke at det også i år skal utførast slått på kyrkjegardane, men graset vert kanskje litt høgt i enkelte periodar.

I fyste omgang tek vi sikte på å bruke eigne tilsette som slåttefolk, men vi ynskjer også å koma i kontakt med folk kring om i sokna som på dugnad er viljuge til ein innsats med slåtten.

Gjerstad kyrkjegard

I høve gjenbruk av eit av gravfelta på Gjerstad kyrkjegard har vi sett ut varsling om fjerning av gravminne. Vi ynskjer at dei pårørande tek kontakt med kyrkjekontoret slik at vi kan få oversikt over dei gravminna som det knyter seg festerett til. Det er i "Kyrkjehelsing" vore fleire artiklar om feste av graver omkring på kyrkjegardane i Osterøy, og vi vil difor gjerne at alle som har, eller vil festa graver tek kontakt med kyrkjekontoret.

Sikring av gravminne

Av omsyn til tryggleiken på kyrkjegardane vil vi no minna om fårene for ulukker dersom gravsteinen ikkje er fullnøyande festa med boltar i sokkelen. Nokre av dei steinane som sto mest utsett til har vi lagt ned, og vi ber om at folk tek turen til kyrkjegarden, og ser til om gravsteinen dei har ansvar for er lagt ned, eller om dei elles manglar boltar.

Når kyrkjekontoret får melding med namn og stad, vil vi sikre steinen ved første høvet.

Gratulerer med dagen!

10.april fyller redaktøren vår, Olav Meltvik, 70 år. I vår sluttar han som klokkar i Hosanger etter mange års trufast teneste. Som redaktør vonar me at han vert stående i mange år. Dagen vert feira laurdag 12.april på Tysse bedehus. Takk for godt samarbeid ,og me ynskjer Guds signing over dagane framover!



Påskefrukost

Haus sokneråd inviterer til felles påskefrukost i år òg. Påskedag kl.09.30. er bordet dekket etter at dagen startar med dåpsgudsteneste i kyrkja kl.09.00. For serveringa må me få påmelding til Einar Johnny Selvik , tlf. 98064854 innan tysdag 15.april.

Påskedag

Også dette året held me ei felles gudsteneste for alle kyrkjelydane i Gjerstad 1.påskedag kl.11.00. Osterøy kyrkjekor er med oss på gudstenesta. I fjar kom folk frå heile prestegjeldet, og det vonar me at det vert ei like fin samling i år òg.

2.pinsedag på Hamre

Samlinga på Hamre 2.pinsedag har vorte ei árviss storhending for kyrkjelydane på Osterøy. I år kjem pastor Margunn Sandal til gudstenesta. Sidan ho er herifrå, treng ho ikkje meir presentasjon. Me ser fram til ein fin dag på Hamre.



Velkommen til kyrkja

13.april, Palmesundag Joh.12,1-13.

Gjerstad kl.11.00.	Familiegudsteneste. Prostiprest B.Ryland. Dåp. Takkoffer til Normisjon.
Hamre kl.11.00.	Familiegudsteneste. Skeie. Dåp. Takkoffer til IKO.

17.april, Skjærtorsdag Matt.26,17-29.

	Hosanger kl.19.00. Guds- teneste. Skeie. Nattverd.
Bruvik kl.18.00.	Gudsteneste. Melve. Nattverd.
Haus kl.20.00.	Gudsteneste Melve. Natt- verd. Takkoffer til Radio Osterøy.

18.april, Langfredag Luk.22,39-23,46.

Hamre kl.11.00.	Pasjongudsteneste. Skeie.
Haus kl.11.00.	Pasjongudsteneste.Melve.

19.april, Påskeaftan Mark.16,1-8.

Hamre kl.23.00.	Påskenattsgudsteneste. Melve og Skeie. Nattverd.
-----------------	---

20.april, Påskedag.. Matt.28,1-8.

Haus kl.09.00.	Dåpsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Nordhordland indremisjon
Gjerstad kl.11.00.	Høgtidsgudssteneste. Skeie og Melve. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.

21.april, 2.påskedag. Luk.24,13-35.

Hosanger kl.11.00.	Høgtidsgudsteneste. Skeie. Dåp. Takkoffer til Norsk luthersk misjonssamband.
Bruvik kl.11.00.	Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Fjon fjellkyrkje.
Gjerstad kl.11.00.	Lovsongskveld.

24.april

Hamre kl.18.00.	Samtalegudsteneste. Skeie.
Bruvik kl.19.00.	Samtalegudsteneste. Ryland.

25.april

Haus kl.19.00.	Samtalegudsteneste. Melve.
----------------	-------------------------------

27.april 1.sundag etter påske. Joh.20,19-31.

Hosanger kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Bruvik kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Ryland og Melve. Takk- offer til kyrkjelydsarb.

4.mai, 2.sundag etter påske. Joh.10,11-16.

Haus kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Hamre kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Gjerstad kl.19.00.	Lovsongskveld.

8.mai

Gjerstad kl.19.00.	Samtalegudsteneste. Ryland.
--------------------	--------------------------------

11.mai 3.sundag etter påske. Joh.16,16-22.

Hamre kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Gjerstad kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Ryland og Melve.Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17.mai Grunnlovsdagen. Luk.1,50-53.

Bruvik kl.12.30.	Festgudsteneste. Alf. R. Kallestein Takkoffer til Redd barna.
Hamre kl.10.00.	Festgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Noregs kristelege student -og skuleungdomslag.
Gjerstad kl.10.00	Festgudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Haus kl.12.00.	Festgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Sundagsskulen.
Hosanger kl.12.00	Festgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Redd Barna.

18.mai 4.sundag etter påske. Joh.16,5-15.

Hosanger kl.11.00	Høggmesse. Melve. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Fjon fjellkyrkje.
-------------------	--

25.mai, 5.sundag etter påske. Jer.29,11-14a.

- Raknestunet kl.11.00. Familiegudsteneste.
Melve. Sundagsskuleavslutning.
Takkoffer til sundagssk.
- Haus kl.17.00. Gudsteneste. Melve. Nattverd . Takkoffer til Diakonisshuset Haraldsplass.

29.mai, Helgetorsdag. Luk.24,46-53.

- Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp
Nattverd. Takkoffer til
Familierådgivingkontoret i
Bjørgvin.

1.juni, 6.sundag etter påske. Joh.15,26-16,4.

- Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til
Israelsmisjonen.
- Bruvik kl.17.00. Gudsteneste. Skeie. Nattverd. Song av Osterøy
kyrkjekor. Takkoffer til
Frivillighetssentralen.
- Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld.

8.juni, Pinsedag . Joh.14,23-29.

- Haus kl.11.00. Høgtidsgudsteneste.
Melve. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.
- Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Prost
Mestad. Dåp. Takkoffer til
Strømmestiftelsen.

9.juni, 2.pinsedag. Joh.3,16-21.

- Hamre kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve
og Margunn Sandal. Nattverd.
Osterøy kyrkjekor.
Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

**15.juni, 1.sundag etter
pinse.Treeiningssundag. Joh.3,1-15.**

- Haus kl.11.00. Familiegudsteneste.
Melve. Utdeling til 8.åringane.
Takkoffer til kyrkje-
lyden sitt arbeid blant barn
og unge. Grillfest i
prestegardshagen etterpå.
- Gjerstad kl.17.00. Familiegudsteneste.
Melve. Utdeling til 8.åringane.
Takkoffer til kyrkje-
lydsarbeidet.
Kyrjkaffi /-saft.

- Kossdalen kl.12.00. Friluftsgudsteneste. Skeie.

22.juni, 2.sundag etter pinse.Luk.16,19-31.

- Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd.
Takkoffer til Kristen
idrettskontakt (KRIK)
- Vassdal skule Gudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Kyrjkaffi.

29.juni, 3. sundag etter pinse. Luk.14,16-24.

- Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd.
Takkoffer til "Children at Risk"
- Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Institutt for
sjelesorg.
- Hosanger kl.19.00. Gudsteneste. Skeie.
Nattverd. Takkoffer. Dåp.

Kyrkjesskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan
kontaktast pr. telefon:
Berit Torp 56 39 03 59
Einar Johnny Selvik
98 06 48 54
Sigrid Mjelde
56 39 01 04

Kyrkjesskyss til Bruvik
Ring Wenche Fiskeseth
tlf. 56 39 18 21
Otto Mo tlf. 56 39 19 42

Dåp

Det høver med dåp
desse dagane:
Bruvik: 21/4 og 1/6
Hamre: 11/5,1/6 og 22/6
Haus: 4/5 og 15/6
Hosanger: 18/5 og 8/6
Gjerstad:11/5 og 15/6

Kyrkjesskyss
til Hosanger
frå Tysse,
ring
Olav Meltvik,
tlf. 56 39 52 27.

**KYRKJESKYSS TIL
GJERSTAD**

For dei som ynskjer å koma til
kyrkje, men har problem med
skyss, er det mogleg å ringja til
ein av desse:

Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt.
Me ynskjer at folk kjem til
kyrkje, og tykjer det er leitt at
skyssen skal vera eit hinder. Om
ikkje dei oppsette personane
køyrer sjølv, får dei andre til å
gjera det.

Prostidag i Haus

v/ Olav Meltvik


I år var det Osterøy prestegjeld sin tur til å vera vertskap for prostidagen i Nordhordland prosti. Haus sokneråd stod som arrangør, med god hjelp frå dei andre sokneråda i Osterøy. Programmet opna med gudsteneste i Haus kyrkje. Der gjorde sokneprest Melve altartenesta og Børge Ryland preika.

Osterøy kyrkjekor song, og deira medverknad merkast og godt på den felles salmesongen. Etter gudstenesta, som vart avslutta med nattverd, gjekk me dei få stega over til Kyrkjelydshuset til registrering og føremiddagsmat. Dette romslege og tenlege bygget eignar seg svært godt til slike samkomer.

Leiar i Haus sokneråd, Einar J. Selvik ynskte velkommen til Haus, og leiar i prostirådet, Gunvor Fyllingsnes ynskte velkommen til prostidagen. Ho sa m.a. at me som var til stades fekk ei viktig oppgåve å ta med oss heimatt det me fekk høyra i foredraga.

Og generalsekretær i "Familie og Medier", Geir Magnus Nyborg heldt eit engasjert foredrag over temaet "En himmel full av stjerner: Påverknad og spor frå media i oss og i kyrkja". "Familie og Medier" fungerer som ei vaktbikkje over kva som kjem til oss gjennom media. Dei har over 30.000 personlege medlemmer og 28 ulike kyrkjesamfunn. Dei er vaktbikkje mot program og filmar m.m. som

Geir Magnus Nyborg engasjerte forsamlinga.



Gunvor Fyllingsnes på talarstolen.

er ekstremt valdelege og skader born si psykiske utvikling.

Barndomen vert teken frå dei, og dei får altfor tidleg vaksne problem.

"Familie og Medier" kjempar for at born skal få ein sunn oppvekst, og at den kristne tanken skal vera levande. Dei er mediakritiske, men vil ikkje verta oppfatta som sure kritikarar. Men media fører og menneska saman, mange ser og høyrer det same. Mest alle såg på dei kongelege bryllaupa, 11. sept. og no krigen i Irak. Ved morgonandakten reknar ein med at nær 37.000 lyttar ved radioane, og gjerne bed Fadervår samstundes. Men vår kristne tru vert ofte utfordra, det er mange myter. Kristen tru og kultur vert ofte angripen. Å sjå mykje på Tv kan også skapa frykt. Og det kan skapa kjøpepress for ulike produkt, t.d. blåhuene til serien om Blåfjell. I det heile hev mediane stor kontaktflate og stor påverknad.

Stig Ryland er leiar i "Barnevakten". Hans tema var: Barns nye lekeplass, om barn og Tv,dataspel, internett, SMS og mykje meir.

I ein travel kvardag vert borna ofte sitjande mykje åleine framføre Tv eller dataspel. Dei kan teknikken betre enn vaksne. "Barnevakten" vil informera om korleis born reagerar. Han gav fleire skremmande døme på feil aldersgrense på ulike dataspel. Dei nye heltane vert stadig meir valdelege, meir drap, heltane vert bøllar, ja sjølv politiet drep med godt samvit. Og etterkvart føretrekk born meir valdelege filmar, og det vert vanskeleg å skilja kva som er verkeleg og kva som er film.

"Barnevakten" har ei nettside der ein kan finna lista over dataspel dei kan tilrå.

Det finst mange trygge dataspel utan vald. Han oppmoda dei vaksne til å ta seg tid til å sjå saman med borna. Ser dei åleine får dei for lite rettleiing. Mediavalda påverkar, dei vert redde, verkelegheita vert truande og farleg. Går det an på film kan det og vera slik i verkelegheita. Grenser og tydelege vaksne gjev trygge born.


Fleire nyttar høvet til å stilla spørsmål til føredragshaldarane.

Omlag 70 personar frå dei ulike prestegjelda var samla i Haus denne laurdagen til ei vellukka tilskiping, som også inneheldt ein velsmakande middag med kaker og kaffi fint servert.

Leiar i Haus sokneråd, Einar J. Selvik understrekar at dei er svært takksame for den gode hjelpa dei fekk hjå dei andre sokneråda i Osterøy.

Til høgre: Stig Ryland.

Under: Dei gode hjelparane på kjøkenet.





TINNITUS (ØRESUS) og MÉNIÈRE?

Ring tlf. 815 68 880 (normaltakst) man.-ons. kl 1900 – 2130,
for mer informasjon om tinnitus og Ménière.
Hørselshemmedes Landsforbund - www.hlf.no

www.barnevakten.no

BarneVaktens nye nettside ble lansert 1. januar. Vi tror siden er til god hjelp for foreldre og andre voksne som ønsker å vite mer om barn og medier. Nettsiden oppdateres hver dag.

Trygge dataspill

I vår nye søkemotor kan du finne spill som du trygt kan kjøpe til ditt barn. Søk på barnets alder, spilertype og spillformat. Nye dataspill anbefales hver uke.

Nyheter

Hvordan bruker barn ulike medier? Hva er populært, og hva kommer? BarneVaktens nyhetsside inneholder siste nytt om dataspill, filmer, Internett, mobiltelefon og mye mer.

Forskning

Hvordan påvirkes barn av medievold og reklame? Hva mener forskere om avhengighet? Les spennende undersøkelser og gjør deg opp din egen mening.

Gode råd

BarneVakten gir deg konkrete råd om barns tv-tutting, spillvaner, surfing på nettet, nettfilter, kjøpepress og mobiltelefon. Hvordan kan barn bruke mediene på en trygg og bevisst måte?


Si din mening

Er det greit med 11-årsgrunnen på Ringenes Herre? Hva synes du om Harry Potter, Hotel Cæsar og reklame på kino? Les hva andre mener, og si din mening!

Nyhetsblad

Les spennende artikler fra alle våre medlemsblad siden starten i 2000.

Mer kunnskap – lettere å veilede!



Bibeldagssamling i Sion, Bysheim

v/ Olav Meltvik

16. februar, på Såmanssøndagen,, var den årlege Bibeldagssamlinga i det ljose og triveleg forsamlingshuset til pinsemenigheten på Osterøy, Sion, Bysheim.

Lokalet var bortimot fullsett då leiaren Eva Lillejord ynskte velkommen. Dette er ei fellessamling for dei kristne forsamlingane på Osterøy.

Laila Eriksen frå Tysse, som er medlem i styret i Det Norske Bibelseleskap, orienterte om "Bibelen tilbake til dei gamle bibelske landa, Irak, Syria og Libanon." I frå apostlane si tid har det heile tida vore kristne i desse landa. Det er stor trong for biblar der, og ho kom med ein sterk appell om å gjeva mykje ved offeret som fylgde etter hennar innlegg.

Ei lovsongsgruppe var framme og song fleire lovsongar med stor innleving og glede.

Kveldens talar var Tryggve Urhaug frå Vaksdal. Han tok utgangspunkt i skaparverket, heile universet, alt Gud heldt oppe i si kraft. Kor fantastisk dette er. Himmel og jord skal forgå , men Guds ord skal aldri forgå. Jesus fullførte frelsesplanen då han signa på krossen. Jesus er Herre over døden. Ved hans ord skal me verta frelseste når me trur på han og tek i mot han. Livet med Kristus må få næring (ikkje av brød åleine). Hans ord skal næra det åndelege livet. Surstoff kan me få i lønnkammeret. Hans ord er ei lykt for vår fot og hjelper oss å finna den rette stien. Det nye livet må veksa og modnast. Det er så mykje i vår tid som forureinar.



Miljøet formar oss menneske. Kultur og tradisjon styrer oss. Han nemnde m.a. at mange kristne kjempa for å oppretthalda slaveriet, og han siterte Gal. 3. 28 "Her er ikkje træl eller fri". Det går an å misforstå og feiltolka skrifta.

Å tala rett om Gud er viktig, og me treng Den Heilage Ande som skal leia oss til sanninga. Me må tru på Guds ord og ikkje gje feil bilet av Gud.

Brigt Skeie gav oss litt historikk om misjon i Japan. Kristendom var lenge forbode der og den kristne kyrkja er framleis i minoritet. Det kan og vera vanskeleg å omsetja bibelen til

Japansk fordi fleire ord kan ha ulik tyding.

Johannes Melve : Bibelomsetjarane får stundom mykje kritikk, men før brende dei bibelomsetjarane, no brenner dei biblane. Det er godt at me kan lesa. I fleire hundre år var her kristne som ikkje kunne lesa, men høyrd og trudde. Me som kan lesa kan gjera oss meir nytte av ordet, men å høyra er og uhyre viktig.

Ein gong Jesus tala sa han "Sæle er dei som høyrer Guds ord og tek vare på det".

Me må ta vare på Guds ord og leva etter det. Då tek ordet vare på oss.

Frå misjons-dagen i Haus 22. februar

Kyrkjelyden i Haus har inngått avtale med NMS om å støtte prosjektet Lovsanghjemmet, Home of praise i Tailand. Misjonsdagen er et av de tiltak kyrkjelyden setter i verk for å støtte prosjektet.

På salgsbordet var det meste "heimelaga". Bakervarer av alle sorter, også kransekaker, saft og syltetøy. Sjøplukkete bær og sjølfisket fersk torsk.

Av handarbeid var der strikketøy og broderi, ulltøfler og maleri.

I kafeen kunne vi kose oss med "heimelaga" kaffemat og nytrukket kaffe.

Snoeglasset inneholdt et ukjent antall snoebiter. Den som gjettet nærmest det riktige tallet ble den heldige vinner av glasset. For å gjette en gang måtte vi betale kr.5,- Mange prøvde lykken, også de som var på handletur i Haus fikk muligheten.

Prest Arve Hansen Haugland fra NMS, som tidligere har vært misjonær i Tailand fortalte derfra og holdt andakt.

De var ikke så mange som stakk innom Kyrkjelydshuset denne dagen, men likevel kunne vi sende kr. 5.803,- til prosjektet for Lovsanghjemmet.

Takk til de som gav og de som kjøpte.

Salgsbord og kafe med alt "heimelaga" skulle friste de fleste. Kommer du neste år ??

M. Sk.

Vårens konfirmantar

Konfirmantar i Bruvik

27.april

Daniel Hellesnes Bjørgo
Hanne Bruvik Ellingsen
Camilla Lohne
June Olsnes
Elise Kristine Vikne

Haus 4.mai

Tor Erik Hernar Cindahl
Lene Hole Didriksen
Grethe Linn Hansen
Kathe Marie Hauge
Heimvik
Tom-Erik Midtun
Kent Ove Mjelde
Marie Bøe Mjelde
Solfrid Mjelde
Heidi Irene Pedersen
Marita Rolland
Hilde Sofie Rosnes
Hilde Seilen
Stian Stokke
Jørn Torp
Christoffer Mo Vatle
Georg Aasheim
Martin Aasheim
Kristina Åsheim

Gjerstad 11.mai

Thomas Alexander
Kallekleiv Birkaas
Kristina Marie Borge
Andre Engen
Cecilie Gjerstad
Linn Hjelmås
Kim Andre Kårdal
Maren Lampe
Endre Magne Nygård
Lidtn
Isabel Abedissen Låstad
Lene Bjørndal Midttun
Lene Myking
Helge Mæstad
Kim Lohne
Daniel Løtveit Lone
Linda Beate Rinde
Trond Sæterstøl
Magne Stordal
Kjetil Langeland Tysse
Morten Langeland Tysse
Karina Tønjum
Linn-Therese Hestenes Vedå
Sondre Vedå
Karen Anine Veyle
Silje Midtbø Veyle
Kristoffer Øksnes

Konfirmantar i HOSANGER 27. april:

Kim Andre Balestrand
Hans Kristian Birkeland
Tommy Gjerde Birkeland
Freddy Sleire Carlsen
Marius Hopsdal Gjerstad
Marte Gjerstad
Ulrikke Hagebø
Sindre Rongved Hansen
Guri Tysse Hanstvedt
Marius Bernes Hanstvedt
Ida Hole
Thomas Tveiten Lewis
Aina Mjøs
Petter Ahmer Pedersen
Stian Rosnes
Kristina Stokken
Silje Thomassen
Øyvind Tysse

Konfirmantar i HAMRE

4. mai:

Synne Klokkeide Birkeland
Kristoffer Birkaas
Monica Kvamme
Fauskanger
Jonas Hauge
Hege Hopland
Anette Eliassen Håland
Sindre Raknes
Eili Reigstad
Heidrun Reigstad
Hilde Revheim
Iselin Helland Rundhovde
Maria Sandal
Vegard Skår
Lisa Smith
Cecilie Hopsdal Søgnesand
Malin Tufta
Susanne Hagen Tveiten
Line Strømsnes Vik
Daniel Vicente Windt

Konfirmantar i HAMRE

11. mai:

Lene Angelskår
Grete Borgan Bernes
Idar Birkeland
Kristian Birkeland
Svein Harald Birkeland
Ole Harald Bleikli
Kathrine Fosse
Solbjørg Fosse
Trine Haugland
Ørjan Gundersen
Hjelmeland
Lene Hosøy
Tori Husum
Linn Alka Mostrøm
Joachim Slettebakken
Hege Tøsse Vestheim

Kjære kyrkjeven

Kvart år vert det bore mange born til dåpen i kyrkja vår. Som kyrkjelyd har me eit ansvar saman med foreldre og fadrar der me skal vera med å hjelpe til å gje dei ei kristen oppsedding. Dette prøver me å følgja opp med ulike markeringar der me går med helsing til dåpsborna på dåpsdagen dei 3 første åra, utdeling av bok til 4 – åringane, utdeling av bok til 2. klassingane og NT til 5. klassingane.

Dåpsopplæringsutvalet har komme til at me bør ha ei endå tettare oppfølging for dåpsborna våre. Grunnen til dette er at kristendomsfaget i skulen er blitt sterkt

svekka dei siste åra, og det er fåe av dåpsborna som går på søndagsskulen.

Me vil gje eit tilbod til 5.

klassingane med kurset ”Vandring gjennom Bibelen”. Dette er eit kurs som Bjørgvin bispedømeråd står bak. Og innhaldet er heilt i tråd med L97 sin plan for KRL. faget. Me er så heldige at me har fått engasjert ein person som kan undervisa i dette opplegget, og her vil me prøva få til eit samarbeid med dei andre sokneråda slik at kurset kan bli gjennomført på fleire skular. Me har allereie gjennomført det første kurset for noverande 5. klasse. I tilknyting til dette har Haus sokneråd og kjøpt inn klassesett med Biblar til 5. klassingane ved Haus skule. Me ser på dette som eit kjempeviktig arbeid; det handlar om å investera i å gje vidare det beste me har til den oppveksande generasjon.

Så er spørsmålet og oppfordringa vår : Vil du vera med ?

Det er ikkje store summane som skal til, men utan midlar kjem me ikkje vidare. Du kan vera med å støtta arbeidet anten gjennom fast gjevarteneste eller ved å gje eit eingangsbeløp. Takk for den støtta du vil gje !

Gåva kan sendast til Haus sokneråd, Postboks 8 5299 Haus.

Bankkonto : 3626. 50. 03529. Merk giroen : Gåve til arbeid for born og ungdom.

Dersom du har spørsmål ,kan du kontakte Marit Skjeldal tlf. 56390051.

*Venleg helsing
Haus sokneråd,
Dåpsopplæringsutvalet*

På Nordhordland Folkehøgskule,
Frekhaug 20.-24. juni
LUS 2003

Hva er det med
Jesus?

Indremisjonsforbundets
Landsungdomsstevne

J

ET DEMENTI !

Verden blir mindre og mindre. I dag er det slik at ting som skjer i helt andre verdensdeler også influerer oss her i høye, kalde nord. Ja til og med oss her på Osterøy. Følgende har skjedd : Tirsdag 29. april har Haus sokneråd arrangert temakveld. Temaet skulle være : "Å være kristen i et muslimsk land".

Innledning ved Knut Rønnestad fra Sjømannsmisjonen.

No har det seg slik at ovennevnte Rønnestad i midten av mars skulle reise til Dubai i Persiabukten og vikariere en måned. No har krigstruslene gjort at vikariatet er midlertidig kanselert. I stedet reiser han på en måneds vikariat på Kypros i midten av april. Dermed må vi skifte tema 29 april.

Temaet og navn på innleder er ennå ikke klart. Det vil bli kunngjort i "Bygdnytt" og "Ostringen". Beklager.

Einar J. Selvik.



Familie-nytt



Haus

Døypte:

- 05.01. Helene Walseth Tønnessen (Døypt i Hamre)
- 02.02 Jostein Rivenes Lone
- 09.02. Iben Rongved Nesthus
- 09.02. Camilla Nesthus Ramberg
- 09.02. Oda Tennebekk Vatle

Gravlagde:

- 02.01. Jenny Agnete Vindås (f. 1917)
- 07.01. Lars Skjerping (f. 1911)
- 14.01. Edvard Vedå (f. 1922)
- 07.02. Svein Kristian Refsnes (f. 1944)
- 07.03. Solveig Kristina Aase (f. 1915)

Gjerstad

Døypte:

- 16.02 Sigrid Vevle Lerbakk
- 16.02 Ådne Kalland
- 02.03 Eirik Mjøs Tangerås (Døypt i Hamre)

Vigde:

- 22.02 Roger Nese og Aina Aashild Dale

Gravlagde:

- 31.01 Andreas Småland (f. 1921)

- 11.02 Marta Hauge (f. 1912)

Hamre

Døypte:

- 19.01 Henrik Blaaflat Burkeland
- 19.01 Ida Bosåen Håland
- 09.02 Isabel Helen Mjelde Edvardsdal

Gravlagde:

- 14.02 Johannes I. Reigstad (f. 1924)
- 26.02 Einar L Valestrand (f. 1917)
- 19.03. Lars Skår (f. 1913)

Hosanger

Døypte:

- 09.02 Julie Edvardsdal (Døypt i Hamre)
- 09.02 Ann Elisabeth Tepstad Herland
- 09.02 Benjamin Chasqui Herland Mesones
- 02.03 Amalie Svidal Lone (Døypt i Førde)

Gravlagde:

- 18.02 Kari Åsheim (f. 1911)
- 28.02. Agnes Støle (f. 1916) (Gravlagd i Eksingedalen)
- 20.03. Gerd Helene Mjøs (f. 1946)

Leiarar på Raknestunet sommaren 2003

Yngres 2: 24-27. 06

Minileir: 28-29. 06

Yngres 3: 30.06-03.07

Yngstes 2: 04-06.07

Yngstes 3: 08-10.07

50-års konfirmantjubileum til hausten

Det vert sjølv sagt konfirmantjubileum til hausten, og i denne samanheng har vi avsett følgjande datoar for dei

ulike sokna såleis:
Hamre: 31. august
Hosanger: 7. september
Haus: 28. september
Gjerstad: 19. oktober.

Kyrkjetenar i Hamre kyrkje

Osterøy Kyrkjeleg fellesråd har ledig stilling som kyrkjetenar i Hamre kyrkje.

Dette er ein 15% deltidsstilling. Løn i høve tariff for kyrkjetenar, kode 5137.

Tiltreding snarast råd.

Klokkar i Hosanger kyrkje

Osterøy Kyrkjeleg fellesråd har frå 1. mai 2003 ledig stilling som klokkar i Hosanger kyrkje.

Dette er ein 6,5% deltidsstilling.

Løn i høve tariff for klokkar, kode 5139.

Tiltreding snarast råd.

Søknad for både stillingane kan sendast til:
**Osterøy Kyrkjeleg fellesråd
5282 LONEVÅG**

Tlf.: 56192280.

Alt som minner om din gode skaparvilje

Gud , vi takkar for den verda du har gjeve oss å leva i; for naturen som omgjev oss, for alt det livet byd, for borna vi ber ved barmen vår, for vener som tenner lys i mørkret, for alt som minner oss om din gode skaparvilje. Vi bed om at du må sjå til den verda som lid og miskunna deg over ditt skaparverk. Gjev dei svoltne å eta. Gjev dei gråtande trøyst. Du som alltid lengtar, alltid ser og alltid bryr deg:
Høyr vår bøn !

Saksa frå den nye Bøneboka.

Du gjesta ein syndig mann

Av Tryggve Bjerkrheim

Du gjekk inn for å gjesta
ein syndig mann,
då til korset
du vandra din veg.
Så sælt eit eksempel
også for meg.

Eg liknar den mannen,
ein syndar er.
Vil du, Jesus,
til meg stiga inn ?
Takk! Takk! du vil vera
frelsaren min.

Du har sagt du vil vera
min ven og bror,
det største
som tenkjest kan.
Så skal eg få leva
i lag med deg,
i livsens lys land

Sjå på krossen

*Eg sit her og ser på krossen
symboler på fridom og fred.
For alle dei skuldbrev i verda
kan finna si frikjenning der.*

*Eg sit her og ser på krossen,
før minna han berre om død,
men så fekk eg sjå at han lyste
av kjærleikens heilage glød.*

*Eg sit her og ser på krossen.
Det er ikkje sorga eg ser,
men kjærleik og fred mot meg lyser
for frelsaren børa mi ber.*

*Å frelsar lat meg få sjå krossen
kvar einaste bidige dag.
Då kan eg gå trygg her i verda,
min frelsar og eg går i lag.*

Alvhild Kåstad, Raknes.



SYNG MED OSS i Hosanger kyrkje

Alle frå 0-100 år er hjarteleg velkomne

Dette er ein sjanse til å friska opp songar du kan, og til å læra nye. Det er ikkje krav til songstemme, berre at du har lyst til å koma: for å vera med og syngja, høyra på eller vera i kyrkja. Vi syng frå Salmeboka, Salmer 1997 og 4-årsboka. Dei som har fått 4 årsboka dei siste åra er spesielt velkomne. Ta med boka!

Det vert også enkel bevertning.

Søndag 6. april kl. 16.00
Søndag 4. mai kl. 16.00

*Helsing
Katja,
Kari,
Aslaug,
Anne
og Liv*

